

## UTTALE FRÅ FAGFORBUNDET

*Pensjon er viktig og er derfor ein stor del av tariffavtalen i kommunene, og Fagforbundet vil på vegne av sine medlemmar ha ei aktiv rolle i kven som skal være leverandør av denne tenesta. Fagforbundet vil at fylkeskommunen bruker rettleiinga og kriteria som Pensjonskontoret har utarbeid i anbodet.*

*Fagforbundet er oppteke av at utgiftene til pensjon vert utjevna, og at premiesystemet er kjønns- og aldersnøytralt. Dette gjer at vi ynskjer at pensjonsordninga i hovudsak skal forvaltast i store og stabile fellesskap med andre fylkeskommunar.*

*Følgjande står i dag i tariffavtalen: «Tjenestepensjonsordningen skal være basert på et finansieringssystem som er kjønnsnøytralt og som ikke virker utstøtende på eldre arbeidstakere. Under henvisning til dette skal premien minst beregnes på grunnlag av et kollektiv som hos den enkelte leverandør utgjøres av samtlige kommunekunder og bedriftskunder eller av fylkeskommunekunder.»*

*Det er tre hovedelement i ei brei pensjonsordning:*

- *Kollektiv forvaltning av midlane*
- *Utjevning av ulike kostnadselement (administrasjon, forvaltning, reguleringsgarantiar)*
- *Utjevning av forsikringsrisiko (kjønn, langt liv, premiefritak ved uførhet, uførepensjon)*

*Det å forvalte dei store pensjonspengane våre er ei utfordrande oppgåve, spesielt i desse dagar. Fagforbundet vil at pensjonspengane til våre medlemmer i mest mogleg grad skal forvaltast av nokon som vi har påverknad på, og som ikkje har eigalar som skal tene pengar på dette.*

*Pensjon er langsiktig sparing, og det er derfor viktig at kostnadene med administrasjon, forvaltning og eigalar er så låge som mogleg. Fagforbundet meiner derfor at det er viktig at dette vert vekta høgt i eit anbod. Avkastinga på pengane vil over tid truleg variere lite mellom dei ulike leverandørane.*

*Det er stort fokus på pensjon, mange nye regler og stort etterspurnad etter god rådgjeving. For våre medlemmar er tilbodet av tilstrekkelege og kompetente ressurser til å gjennomføre slik rådgivning svært viktig og må vektast høgt.*

*Konkret til de ulike kriteriene.*

### 1. SERVICE OG RÅDGIVNING

*Fagleg kompetanse, kundeteam, kurs, service og rådgiving for arbeidsgivar og tilsette må vektast høgt.*

*Informasjon til alle tilsette om pensjonen vil være ekstremt viktig. Leverandøren må minst kunne tilby;*

*Informasjonsmøte for alle tilsette minst 2 gangar pr. år. Det må leggast til rette for personleg samtale for tilsette ved disse samlingane. Det må kunne tilbys personleg konsultasjon når tilsette har behov for det. Det må være kundeteam som alle kan kontakta via eitt telefonnummer eller ein e-post.*

## **2. SYSTEM**

*Leverandørens system må gi korrekte opplysningar og være brukarvenleg for lønnsavdeling, personalavdeling og for den enkelte tilsette. Det vil være meget viktig at det kan leverast system som taklar både dagens og nye reglar for offentleg tenestepensjon.*

## **3. KOSTNADER**

*Administrasjonspremie, premie for kapitalforvaltning og rentegarantipremie, prises for et år av gangen og her må en være ekstra påpasseleg og vurdere om en premiekrona som går til å dekke kostnader/omkostningar osv. skal vektas meir enn en krone som går til tariffavtalt sparing? Viktig å velje ein leverandør som kan gi forutsigbare kostnadars i avtaleperioden.*

### **FOR FAGFORBUNDET**

*Svein T. Sandvold  
Hovudtillitsvald Fagforbundet*